

Byggmester Romarheim AS
Torbjørn Romarheim
Kolåsvegen 122A
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/19255 - 21/2251

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
13.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 102/72 Vabø

Tiltak: Riving av eksisterande fritidsbustad/oppføring av ny
Byggjestad: Gbnr: 102/72
Tiltakshavar: Asle Romarheim
Ansvarleg søker: Byggmester Romarheim AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.12.2020. Dispensasjonssaka vart sendt på høyring til offentlege instansar i dag.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er sendt som eitt-trinns søknad med handsamingsfrist på 12 veker. Vi kan ikkje handsame søknaden før det er søkt om og gitt utsleppsløyve. Vidare ber de om handsaming av dispensasjonssøknaden først. Vi kan handsame søknad om dispensasjon først, men då må vi legge til grunn at fristen for handsaming av byggesøknaden ikkje går før det er avklart om det kan gis dispensasjon. De har to alternativ: 1) først handsaming av dispensasjonssøknad og utsleppssøknad, deretter handsaming av byggesøknaden, eller 2) vi kan gjere om søknaden til rammesøknad med dispensasjon. Søknad om utslepp må handsamast av avdeling for Miljø og tilsyn og må vere gitt før vi kan gi igangsettingssløyve. Utsleppssak har handsamingsfrist på 6 veker etter Forureiningslova. Vi ber om tilbakemelding på kva alternativ de ønskjer.
2. Det er ikkje lagt ved erklæring om ansvarsrett for utføring av riving av hytte. Det er ikkje lagt ved erklæring av ansvarsrett for PRO/UTF frå rørleggjarar for utsleppsanlegg. Gjennomføringsplan skal oppdaterast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **13.02.21**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innSENDING av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anja Weløy Romarheim	Naustdalslia 12	5915	HJELMÅS
Asle Romarheim	Fløsvikvegen 62	5915	HJELMÅS
Odd Helge Romarheim	Naustdalslia 12	5915	HJELMÅS
Ragnhild Minde Romarheim	Fløsvikvegen 62	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

Byggmester Romarheim AS	Kolåsvegen 122A	5955	LINDÅS
-------------------------	-----------------	------	--------